



Giske kommune
historisk og framtidsretta

Søknadsordning for kultur- og frivilligformål 2025 - Musikk

Drøyer du om å gjennomføre eit større musikkprosjekt i 2025? Giske kommune lyser med dette ut midlar på totalt kr. 100 000,-.

Kven kan søke?

Frivillige lag og organisasjonar i Giske Kommune.

Søkjalar må vere registrert og presentere aktivitet i Friskus aktivitetskalender – giske.friskus.com

Kva kan du søke støtte til?

Føremålet med tilskotsordninga er å leggje til rette for auka aktivitet og frivillig engasjement i lokalt kulturliv. Nyskapande og målretta tiltak som stimulerer til auka engasjement og deltaking vil bli prioritert.

Tiltak som vil bli prioritert:

- Tiltak for barn og unge
- Kultur- og frivilligtiltak som gir auka aktivitet, inkludering og deltaking.
- Tiltak som fremjar felleskap og identitet.

Tilskot kan bli gitt til prosjekt og arrangementer som stimulerer til auka aktivitet, engasjement og frivillig deltaking i lokalt kulturliv. Det kan søkast om tilskot til festivalar, konsertar eller andre nyskapande prosjekt som stimulerer til auka frivillig aktivitet i musikklivet.

Det kan også søkast om midlar til å arrangere/delta på kurs og konferansar som gir instruktørar og leiarar eit betre grunnlag for å utføre arbeidet sitt og på sikt kan rekruttere nye frivillige.

Budsjett og rapportering

Søklar må vise til plan for gjennomføring med oversikt over finansiering, kostnadar og anna ressursbruk.

Ved endt prosjekt skal det leverast rapportering på at midlane er nytta i tråd med søknaden.

Korleis søke?

Søknadsfrist: 30.04.25

Rapporteringsfrist: 31.12.25

[Gå til Søknadskjema](#)